

Høyringssvar – NVE sitt forslag til nasjonal rame for vindkraft på land.

Som grunneigar vil eg strekt protestere mot planane om vindturbinar i Vanylven. Då eg valde å kome tilbake til kommunen for over førti år sidan, var det nettopp den nære tilgangen til urørt natur, hytta som eg bygde i min pure ungdom langt inne på fjellet, heilt klart avgjerdane for å bryte alle band og flytte heim.

Det «eigna» området på Hovda i Vanylven kjem alt for nær både hytta eg eig og heimen eg bur i, og ei utbygging vil gjere både huset og hytta uråd å bu i, og uråd å selje. NVE tilrår sjølv ein avstand på ca. 4 gongar høgda på turbinane, det franske nasjonale akademiet for medisin tilrår 1500 meter avstand mellom hus og vindturbinar, medan Bayern og Polen har ei grense på 10 gongar høgda på turbinane. Dei største nye turbinane krev tre km til bustad og hytter. Hytta er omlag 50-100 meter unna det utpeika området medan huset er omlag 600 meter unna. Det er svært mange andre hus og hytter i Vanylven som har tilsvarande avstandar til det «eigna» området.

Vidare vil ei utbygging totalt øydelegge mykje brukte rekreasjonsområder. Nystøylhornet åleine, som ligg innanfor det «eigna» området, hadde i fjor over 1.000 besøk. Dette er mykje i ein kommune med berre 3.000 innbyggjarar.

Området har store areal med samanhengande kystlynghei. Fugletrekket går rett over området her. Her hekkar fleire truga fuglearter. Havørn, kongeørn, våk, fleire uglearter, falk og storlom for å nemne nokre. Seinast i sommar vart ei skada kongeørn tatt i forvaring hjå erfaren ornitolog.

Til slutt vil eg understreke at for 10 år sidan ynskte Tussa, Vestavind Kraft, og Zephyr å bygge vindkraftverk på Hovda i Vanylven. Då var tre områder aktuelle. Det eine var Myklebustheida på Nordstranda, der ca. 50% av grunneigarane var i mot. Dei to andre var på platået ved Nystøylhornet, der ca. 70% av grunneigarane var i mot. Då som no protesterte både aksjonsgruppa Vern Hovda, innbyggjarar, grunneigarar, turistnæringa, og andre interessantar. Motstanden var så sterk at utbyggjarane valde å ikkje gå vidare med planane. Dette stod å lese i mange aviser, og det står å lese på selskapa sine nettsider den dag i dag.

Tussa har gjenteke dette i avisintervju det siste halvåret, og uttalar at dei no ikkje er interesserte i å bygge ut vindkraft i Vanylven fordi motstanden er for sterk og vindtilhøva for dårlege. Sidan førre gong har fleire eigedomar skifta eigar, og det er sterkare motstand både blant grunneigarar og andre innbyggjarar i dag enn det var den gongen. Kommunestyret i Vanylven vedtok dessutan 3. september 2019 å seie nei til vindkraftverk i kommunen.

Det er difor med stor undring eg les NVE skrive at det i «vårt» område er lite konflikthar rundt vindkraft og at området difor er godt eigna. Rikeleg med lett tilgjengeleg informasjon viser det motsette.

Eg ber om at Vanylven blir fjerna frå NVE si rame om vindkraft på land. Helsing Ove Sivertstøl.

<https://temakart.nve.no/link/?p=høyringsvar>

<https://www.fjt.no/nyheter/article230227.ece>

<http://www.zephyr.no/legger-planene-om-vindkraft-i-vanylven-pa-is/>